



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/25	Formannskapet	10.06.2025
072/25	Kommunestyret	12.06.2025

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og Årsmelding 2024

KOST- 072/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2024. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 11.04.2025 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.2025 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 022/25:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2024 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2024 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 2.584.763 og eit negativt resultat til inndecking i seinare år på kr 184.742.

Investeringsrekneskap 2024 er gjort opp med eit udekka beløp på kr 94.800.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2024 er gjort opp med meirforbruk. Disposisjonsfond per 31.12.2024 utgjør kr 0.

Akkumulert udekka investering på kr 123.763 og udekka drift på kr 184.742 skal dekkast inn i budsjett 2025.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 072/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 076/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap 2024

Bordgleder - årsmelding 2024

Uttale om årsrekneskapen 2024 - Bordgleder KF

Melding om vedtak: Bordgleder KF - rekneskap og årsmelding 2024

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2024